



Aksjonærene i Sogn og Fjordane Energi AS
Medlemmene i styret for Sogn og Fjordane Energi AS
Valnemnd i Sogn og Fjordane Energi AS

23.05.2024

Sogn og Fjordane Energi AS – Flytting av generalforsamling frå 28.05.2024 til 06.06.2024

Det viste seg at opprinneleg fastsett tidspunkt for generalforsamling 28.05.24 passa dårleg for fleire av aksjonærene. Tidspunktet vert derfor endra til torsdag 6. juni kl 13:00.

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS
torsdag 6. juni 2024 - kl. 13.00 i selskapet sine lokaler på Sandane.

Saker som skal handsamast:

1. Val av møteleiar
2. Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Fastsetting av rekneskap og disponering av resultat for 2023, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2023 for selskapet Sogn og Fjordane Energi AS og konsernet Sogn og Fjordane Energi.
5. Godkjenning av honorar for revisor
6. Val av medlemmer til styret og valnemnd
7. Fastsetting av honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet.
8. Orientering om retningslinjer for godtgjersle for leiande tilsette

Saksunderlag for sak 6 og 7 vil bli ettersendt eller lagt fram i møtet.

Etter generalforsamlinga vert det eigarmøte. Her vil det bli gitt oppdatert informasjon frå SFE.

Av omsyn til førebuing av møtet ber vi om at kvar aksjonær gir tilbakemelding på kven som deltek seinast tysdag 4. juni til Martin Holvik på e-postadresse martin.holvik@sfe.no.

Vedlegg:

1. Fullmaktskjema
2. Framlegg til vedtak i sak 4.
3. Årsrapport 2023 (følg denne linken)
4. Berekraftsrapport 2023 (følg denne linken)


Med helsing

Sogn og Fjordane Energi AS

Sigurd Reksnes

Styreleiar

- sign. -



FULLMAKT

Den som underteknar og som er eigar av _____ A-aksjar og
_____ B aksjar

i Sogn og Fjordane Energi AS gir hermed fullmakt til

_____ til å møte og stemme for våre aksjar på den
ordinære Generalforsamlinga som vert halde 6. juni 2024.

_____ den _____ 2024

Stad

Underskrift

Gjenta med blokkbokstavar

Namn på eigar av aksjane

Adresse

Postnr.

Stad

Fullmakt kan sendast pr. epost til post@sfe.no.

Dok.nr 1157354/14

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Generalforsamling 6.juni 2024

Vedtaks sak



Sak nr. 24/4

Årsoppgjer 2023

Framlegg til vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2023 med eit overskot på kr 531.036.617 for morselskapet og eit overskot på kr 555.986.725 for konsern og ein totalbalanse på kr 6.154.068.917 for mor og kr 8.595.004.828 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte for 2023 på kr 32,79 pr aksje, totalt kr 253.988.028.
3. Generalforsamlinga vedtek slik disponering av årsoverskotet i mor-selskapet:

Avsett til utbytte	kr	253.988.028
Overført til fond for vurderingsforskjellar	kr	457.684.915
<u>Overført frå annan eigenkapital</u>	kr	<u>- 180.636.326</u>
<u>Sum disponert:</u>	kr	<u>531.036.617</u>
4. Generalforsamlinga tek styret si melding for 2023 til vitande.
5. Generalforsamlinga tek meldinga frå revisor til vitande.

Vedlegg

1. Årsrapport 2023 som inkluderer Styret si melding for 2023, resultatrekneskap og balanse med notar og revisjonsmelding.

Arkivnr.	1185532/12
Øk. Dir.	MAHO
Konsernsjef	KAFL
Styreleiar	Sigurd Reksnes



Vedtaks sak

Sak nr. 24/5

Godkjenning av honorar for revisor

Styret sitt framlegg til vedtak på revisjonshonorar:

Generalforsamlinga godkjenner revisor sitt honorar for 2023 på kr 463.000,- for morselskapet og kr 775.000,- for konsernet totalt.

Arkivnr. 1654420/3
Styreleiar Sigurd Reksnes

Godkjenning av honorar for revisor

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld generalforsamlingsvedtak for godkjenning av honorar til revisor.

Bakgrunn

Det er generalforsamlinga som godkjenner honorar for revisor.

Utgreiing

Honorar til revisor:

Revisorhonorar er dokumentert i rekneskapsnotar til rekneskapen 2023 for konsernet og morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS, og dessutan gjengjeve i tabellane vist nedanfor:

Kostnader til revisor for konsernet :

Totale honorar (eksklusiv merverdiavgift) for revisjon og øvrige tenester utgjer følgende:

Beløp i tusen kroner	2023	2022
Revisjonshonorar, valt revisor	775	923
Revisjonshonorar, andre revisorer	0	0
Rådgjevingstenester	0	0
Attestasjonstenester	108	255
Andre tenester utanfor revisjon	11	119
Tenester frå samarbeidande selskap	0	309
Sum	894	1 606

Kostnader til revisor for morselskapet :

Kostnader til revisor:	2023	2022
Beløp i 1000 kr		
Revisjonshonorar, valt revisor	463	411
Revisjonshonorar andre revisorer	0	0
Rådgjevingstenester	0	0
Attestasjonstenester	100	120
Andre tenester utanfor revisjonen	11	119
Tenester frå samarbeidande selskap	0	35
Sum	574	685

Beløpa i tabellane viser godtgjersle til valt revisor Ernst & Young AS og deira samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Kostnadane er utan meirverdiavgift.